

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap Kvam heradsstyre		

Avgjerd av:	Arkiv: N-255	Arkivsaknr
Saksh.: Anita Hesthamar	Objekt:	23/2605 - 30

Vidare arbeid med Jon Fosse-senter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvam heradsstyre ber Vestland fylkeskommune om å starta arbeidet med å kartleggja eigedomane på gnr. 121, bnr. 52, 169 og 173 på Tangerås saman med kommunen og eventuell statleg representant som lokalitet til eit Fosse-senter.
2. Kvam heradsstyre oppmodar Fosse-stiftinga om å starta arbeidet med å laga framlegg til prioritert lista på ynskt innhald i eit Fosse-senter.
3. Kvam heradsstyre ber Vestland fylkeskommune leggja ut forprosjektet på open høyring.
4. Etter at punkt 1, 2 og 3 er gjennomført, ber Kvam heradsstyre Vestland fylkeskommune ta initiativ for møte med Fosse-stiftinga, Kvam herad og staten for å sjå på vegen vidare i høve løysingar for vidare arbeid med finansiering og realisering av eit Fosse-senter.

Samandrag:

Det er utarbeidd ein rapport for eit forprosjekt for eit Jon Fosse-senter, finansiert av Vestland fylkeskommune. Knut Markhus var prosjektleiar, og i prosjektgruppa deltok representantar frå Fosse-stiftinga, Vestland fylkeskommune og Kvam herad. Det er semja om at eit Fosse-senter skal etablerast i Strandebarm, men det er ikkje semja om kva som er beste vegen vidare i arbeidet med realisering av eit Fosse-senter. Særleg har det vore debatt rundt lokaliseringa i Strandebarm, der mange sentrale aktørar meiner Tangerås-området er best eigna. Rådmannen si vurdering er også at dette området peikar seg ut som eit godt alternativ, og at vidare utgreiing av plassering bør avgrensast til Tangerås no. Det er likevel forhold rundt eigedomsmassen som må avklarast før ein går vidare med å realisera eit Fosse-senter på dette området. På grunn av eigarforhold og habilitetsspørsmål, bør Vestland fylkeskommune handtera vidare kartlegging og avklaring rundt eigedomane på Tangerås, saman Kvam herad og ev. statleg representant. I etablering og drift av eit Fosse-senter, er det forventa at desse tre offentlege organa bidrar med rundt ein 1/3 kvar.

Ut frå den økonomisk situasjon og at det kan vera gunstig med ei gradvis utbygging av eit Fosse-senter, tilrår rådmannen at Fosse-stiftinga vert oppmoda om å starta arbeidet med å laga framlegg til ei prioritert lista over innhaldet i eit Fosse-senter.

Rådmannen tilrår at forprosjektet vert lagt ut på høyring. Forprosjektet har vore i kontakt med ei lang rekkje aktørar. Med respekt for desse og at dei bør få høve til å uttala seg om det som har kome fram i forprosjektet så langt, bør rapporten ut på open høyring. Mykje av debatten så langt har handla om lokalisering, men her er også mange andre forhold i det vidare arbeidet som går på innhald i senter, organisering av drift og samarbeid med andre. Eit senter treng mange ulike samarbeidspartar og god forankring for å lukkast. Rådmannen meiner at om eit Fosse-senter skal få god forankring på ulike forvaltningsnivå, krevst det at partane i eit Fosse-senter er opne for innspel, samarbeid og medverknad med andre, og at ein høyringsrunde bør gjennomførast som ein del av denne prosessen. Høyringsrunden bør vera i regi av Vestland fylkeskommune, og startast snarast, og vera gjennomført i løpet av vårhalvåret.

Rådmannen registrerer at det er stor semje om at eit Jon Fosse-senter skal liggja i Strandebarm. At mange er engasjerte og har meiningar rundt eit Fosse-senter, må sjåast på som ein ressurs som er god å ha med inn i det vidare arbeidet med realisering av eit Fosse-senter.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Andre dokument i saka:

03.10.2024 Forprosjektrapport Jon Fosse-senter

Saksopplysningar:

Det er utarbeidd ein rapport for eit forprosjekt for eit Jon Fosse-senter, finansiert av Vestland fylkeskommune. Knut Markhus har vore prosjektleiar. Prosjektgruppa har hatt følgjande medlemmer:

Knut Markhus, prosjektleiar
Åse Ljones, Fosse-stiftinga
Hallgeir Aase, Fosse-stiftinga
Per Morten Ekerhovd, Vestland fylkeskommune
Tone Stedal Haugland, Vestland fylkeskommune
Jon Nedkvitne, Kvam herad (t.o.m. 25. juni 2024)
Mary Ann Sørheim, Kvam herad (f.o.m. 25. juni 2024)

Litt om Fosse-stiftinga

Fosse-stiftinga er ein ideell organisasjon som i følgje einingsregisterert i Brønnøysund har som aktivitet/bransje: *Stiftinga skal ha til føremål å formidla kultur i Strandebarm og nærliggjande område ved å fremja interessa for scenekunst og litteratur generelt, og særleg Jon Fosse sin forfattarskap. Stiftinga har også som mål å reisa midlar til å etablere eit kulturhus i Strandebarm som skal fremja dei same føremåla.*

Aase Ljones er styreleiar og kontaktperson i følgje brreg.no per 16.01.25, og Arnhild Litlere, Svein Ove Duesund og Hallgeir Aase styremedlemmer. I epost datert 30.10.24 frå Sverre Sørnes til ordførar Torgeir Næss, vert det opplyst om at det er gjort endringar i styret i Fosse-stiftinga. Åse Ljones held fram som leiar. Sverre Sørnes, Kaj Wigum og Hallgeir Aase er styremedlemmer, medan Torbjørn Kårbø er varamedlem. Sverre Sørnes opplyser også at det er gjort ei arbeidsdeling i styret der Sørnes og Wigum skal ha kontakt med byråkrati og det politiske miljøet vedr. bygging av Jon Fosse-tunet, og Ljones og Aase tek hand om noverande Fossehus og arrangement.

Litt om forprosjekt og vegen vidare

Forprosjektet har kartlagt føremål, funksjon og innhald, målgrupper, samarbeidspartar og organisering for eit Jon Fosse-senter. I tillegg har forprosjektet ei tilråding for vegen vidare, med etableringa av eit hovudprosjekt. Det er vegen vidare rådmannen i denne saka har fokus på. Dei andre momenta er godt omtala i den vedlagte rapporten.

Om vegen vidare er tilrådinga i forprosjektet å ikkje forhasta seg på vegen vidare, og at det som no må koma er eit hovudprosjekt som skal gå djupare inn i spørsmåla knytt til ein bygningsmessig og organisatorisk ekspansjon, men samtidig føra vidare og utvikla Fosse-stiftinga sine aktivitetar. Vidare at hovudprosjektet kunne gå frå januar 2025 til desember 2027, men at dette forutsette av Fosse-stiftinga sende nødvendige søknader og drog prosjektet i gang. Det er lista opp ei rekkje viktige oppgåver i eit 3-årig hovudprosjekt i tillegg til dagleg drift:

1. Organisasjonsbygging
2. Få hand om Myra
3. Vidareutvikla Fosse-huset
4. Analysera og ta i bruk landskapet/fjorden
5. Utviding (hovudbygg).

Under punkt 5, ligg det å utgreia alternativ, val av alternativ, prosjektskisse for valt alternativ og arbeid med finansiering. Det er laga ein kostnadsplan med finansiering for hovudprosjektet, der Kvam herad ligg inne med 2,7 mill.kr. over ein 3-årsperiode:

Kostnadsplan	2025	2026	2027	Sum post
Løn prosjektleiar 100%	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Løn formidling/drift 100%	820 000	820 000	820 000	2 460 000
Løn 1-2 medarbeidarar tot. 100%		820 000	820 000	1 640 000
Løn sommarvertskap	80 000	80 000	80 000	240 000
Istandsetting - vedlikehald	250 000	250 000	250 000	750 000
Tilrettelegging Myra	200 000	200 000	200 000	600 000
Plan/prosjektering bygg	50 000	50 000	50 000	150 000
Arrangement	500 000	500 000	500 000	1 500 000
Kostnader lokale inkl. straum	80 000	80 000	80 000	240 000
Forbruksmateriell	40 000	40 000	40 000	120 000
Varekostnad	200 000	200 000	200 000	600 000
Leige datasystem	10 000	10 000	10 000	30 000
Internett, data- og telekomm.	20 000	20 000	20 000	60 000
Grafisk profil	70 000			70 000
Nye heimesider	70 000			70 000
Marknadsføring	60 000	60 000	60 000	180 000
Møte, kurs, bøker, tidsskrift	30 000	30 000	30 000	90 000
Reise	40 000	40 000	40 000	120 000
Revisjonshonorar	30 000	30 000	30 000	90 000
Styrehonorar	60 000	60 000	60 000	180 000
Rapport, plandokument			100 000	100 000
Diverse	200 000	200 000	200 000	600 000
Totalt	3 810 000	4 490 000	4 590 000	12 890 000
Finansieringsplan				
Salsinntekter	600 000	700 000	800 000	2 100 000
Sponsorinntekter, gåver	510 000	510 000	510 000	1 530 000
Kvam herad	900 000	900 000	900 000	2 700 000
Vestland fylkeskommune	900 000	900 000	900 000	2 700 000
Staten	900 000	1 480 000	1 480 000	3 860 000
Totalt	3 810 000	4 490 000	4 590 000	12 890 000

Det andre steget som er føreslått på vegen vidare, er ein driftsfase med vidare ekspansjon. Her er lista opp 4 alternativ der Jon Fosse Tunet på Tangerås er eit, nybygg i Fossvågen-området eit anna, gjenbruk av annan bygning eit tredje og utvida bruk av landskap og fjorden er også nemnt.

Det har ikkje vore semja i prosjektgruppa om vegen vidare som er føreslått i forprosjektet. I ein kommentar til forprosjektet 14.10.24 frå Fosse-stiftinga, er dei tydelege på at dei meiner at berre alternativ 1 (Tangerås) er realistisk. I tillegg meiner dei at ein framdriftsplan for eit hovudprosjekt på 3 år, er altfor lenge. Vidare framdrift bør heller vera å gå i gang med å konkretisera innhaldet i eit nybygg, og deretter gå i gang med prosjektering av bygg. Det er ikkje behov for ytterlegare utgreiningar om drift av Fossehuset, overtaking av Myra eller samarbeid med litteraturbåten Epos, då dette alt er i gang. Stiftinga ynskjer større innflyting i eit hovudprosjekt, og viser til at Tangerås har brei støtte lokalt, at Fosse-familien ynskjer ei

todeling for senteret med hovudsenter på Tangerås og Fossehuset/Myra, og at det er sponsorar som «sit på gjerdet» og er viktig å få med vidare i prosjektet. Vidare etterlyser Fosse-stiftinga midlar til snarleg tilsetjing for hjelp med arrangement, formidling, søknadsskriving m.m.

I epost til ordførar Torgeir Næss datert 23.02.24 frå Sverre Sørnes, opplyser Sørnes om Fosse-stiftinga i årsmøte 19.02.24 har oppretta ei eige byggjenemnd som er direkte underlagd styret i Fosse-stiftinga, med følgjande oppgåver:

1. Arbeida med å finna sponsorar og støttespelarar
2. Utløysing og overtaking av eigedomar.
3. Forprosjekt for å finna dei gode løysingane med teikning og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse.
4. Eksteriør og landskap.
5. Planleggja fysisk innhald, rom innhald og drift av Jon Fosse-tunet.
6. Skaffa midlar til oppretting av stillingar som trengst for drift av Jon Fosse-tunet.
7. Skaffa midlar til avlasting av det noverande styret i Fosse-stiftinga

Medlemmer i nemnda er leiar Sverre Sørnes og medlemmene Kaj Wigum og Rolv Haugarvoll.

I følgje forprosjektet vart det 8. mai 2024 gjennomført ei synfaring i Strandebarm, med representantar for Vestland fylkeskommune, Kvam herad, Fosse-stiftinga, og stiftinga si byggenemnd som no var oppretta. Byggenemnda hadde på førehand lagt fram skisse for disponering av dei til saman rundt 3000 m2 barneskulen og ungdomsskulen utgjør, og eit førebels budsjett for renovering av bygga, på 158 mill. eks. mva. Skisse følgjer ikkje forprosjektet, men presentasjonen er lagt ved denne saka.

Om vegen vidare, gjorde fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune 25.11.24 følgjande vedtak:

- 1. Vestland fylkeskommune tek rapporten til forprosjekt Jon Fosse senter til vitande.*
- 2. Fossestiftinga gjer eit viktig arbeid for å synleggjera forfattarskapen til Jon Fosse og få etablert eit Fosse senter. Stiftinga skal vera ein viktig aktør i arbeidet for å etablere senteret. For å styrkja senteret i deira gode arbeid og for å få etablert gode organisatoriske rammer for vidare utvikling for Fosse senteret løyvde Vestland fylkeskommune kr 500 000 i PS 125/24.*
- 3. Vestland fylkeskommune ynskjer å bidra til at fokus framover vert på innhald og driftsmodell og går saman med Fossestiftinga og Kvam herad om å nytta skuletomta på Tangerås som lokalisering på gard nr 121 bnr 169 og 173, gnr 120, bnr 96 og 97 for Jon Fosse senteret.*
- 4. Vestland fylkeskommune vil peika på viktigheita av å komma i gang med eit eittårig hovudprosjekt som avklarar innhald og driftsmodell. Fylkeskommunen er oppteken av å spela på lag med dei gode frivillige kreftene som Stiftinga representerer i dette arbeidet.*

I Kvam heradsstyre 12.12.24 i sak 128/24, fremja Kvam Senterparti ein interpellasjon med følgjande framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre tek vedtak frå fylkesutvalet til vitande, og Kvam herad ynskjer å bidra til at fokus framover vert på innhald og driftsmodell, og går saman med Fossestiftinga og Vestland fylkeskommune om å nytta skuletomta på Tangerås som lokalisering på gard nr 121 bnr 169


og 173, gnr 120, bnr 96 og 97 for Jon Fosse senteret. Eventuell kommunal deltaking i Jon Fosse senteret må takast opp som eige sak på eit seinare tidspunkt.

I handsaminga av interpellasjonen, røysta 18 representantar mot at saka skulle setjast på sakskartet, med grunngjeving i at saka krev ei grundig saksutgreiing. Ut frå ordskiftet, gjeld dette særleg framlegget i høve å nytta skuletoma på Tangerås (gard nr 121, bnr 169 og 174, og gnr 120, bnr 96 og 97) som lokalitet for Jon Fosse-senter.

Litt om Tangerås

Slik saka har utvikla seg i etterkant av at forprosjektet vart lagt fram, har lokaliseringa av eit Jon Fosse-senter hatt fokus. I vedtaket til Vestland fylkeskommune er det vist til 4 ulike eigedomar. Desse er vist i kartutsnitt under, og kort omtala i høve storleik, føremål og eigarar:


Gardsnummer 120, bruksnummer 96 (lyseblått område) og 97 (merka med tjukk rosa strek), er vist på kartutsnitt under:



Begge eigedomane er eigd av Strandebarm Panorama AS i dag. Bruksnummer 96 er på 9,3 mål og bnr 97 er på 12,9 mål. Begge desse eigedomane er utan bygg i dag, men har i kommuneplanen føremål som bustadområde.

Strandebarm Panorama AS har i følgje Brønnøysundsregisteret som vedtektsfesta føremål å «Erverva, utvikla og vidaresejla til utbyggingsføremål ein parsell av den faste eiendommen Bru Nedre, gnr. 120, bnr. 1 samt 2 parsellar av gnr 120, bnr 2 i nærheten av 5630 Strandebarm i 1238 Kvam kommune samt alt som har naturlig tilknytning til dette.», og er i følgje purehelp.no eigd av Trond Mohn, Sverre Øyvind Sørnes, Alf Harald Brekke og Blænes Eiendom AS, med 25% kvar.

Gardsnummer 121, bruksnummer 173 (lyseblått område) og 169 (merka med tjukk rosa strek), er vist på kartutsnittet under:



Gnr 121, bnr 173 er eigd av Hardanger Trivsel og nyskaping Eigedom AS, og gnr 121, bnr 169 er eigd av privatperson.

Hardanger Trivsel og nyskaping Eigedom AS har i følge Brønnøysundsregisteret som vedtektsfesta føremål «Eigedomskjøp, utvikling, utleige, drift, salg, forvaltning, forutan annan verksemd som fell naturleg inn.». Sverre Øyvind Sørnes er lista som dagleg leiari, og firma er eigd av Sørnes og Senior Engineering AS med 50% kvar i følge purehelp.no.

I kommuneplanen har begge desse eigedomane sentrumsføremål. Bruksnummer 173 er i underkant av 8,7 mål og omfattar det gamle barneskulebygget, medan bruksnummer 169 er i underkant av 6,7 mål og omfattar det gamle ungdomsskulebygget.

Gnr 121, bnr 52, er ikkje med i vedtaket til fylkeskommunen. Eigedommen omfattar i hovudsak den gamle fotballbanen, og er eigd av Hardanger Trivsel og nyskaping Eigedom AS. Eigedommen er på vel 7,7 mål, og er ubebygd.

Kvam herad selde gnr 121, bnr 169 i 2012 for 1,7 mill.kr (ungdomsskulen). Gnr. 121, bnr 173 vart seld i 2013 for 1,2 mill.kr, og gnr 121, bnr 52 overdroge for 0,35 mill.kr. i 2014. Når det gjeld bustadfelte, viser offentlege register at dei vart selde i 2021 for om lag 1,12 mill.kr. til saman.

Rådmannen gjer oppmerksom på at aksjonærregister kan oppdaterast gjennom året, men fristen er innan 31. januar. Registeret vert offentleggjort av Skatteetaten i mai månad. Aksjonærregisteret inneheld informasjon om aksjeeigarar ved slutten av året, men ikkje kven som har vore eigarar i løpet av året. Vidare gjer rådmannen oppmerksom på at

organisasjonane sjølve har ansvar for å oppdatera Brønnøysundsregiser ved endringar, men erfarer at det ikkje alltid vert gjort. Ordførar Torgeir Næss har opplyst til rådmann at Sverre Sørnes i tidlegare kommunikasjon har informert om at han er i ferd med å selja seg ut av selskapa som eig dei ulike eigedomane på Tangerås, slik at han ikkje lenger sit både på eigarsida og i styre/nemnd i Fosse-stiftinga, men det går førebels ikkje fram av offentleg tilgjengeleg informasjon. I epost datert 17.01.25 til ordførar Torgeir Næss, opplyser Sverre Sørnes at når Kvam herad støttar vedtaket i fylket om plassering på Tangerås, vil den private eigaren av gnr. 121/bnr. 169 kjøpa ut eigarane av gnr. 120, bnr. 96 og 97, samt gnr. 121, bnr. 173 og 52, og deretter overdra alle eigedomane til Fosse-stiftinga vederlagsfritt.

Vurdering:

I tida frå heradsstyremøtet 12.12.24 til fyrste møtebolk i 2025, har det ikkje vore rom for noko grundig saksutgreiing frå Kvam herad si sida. Det er ei utgreiing Kvam herad heller ikkje kan, eller bør gjera åleine. Rådmannen registrerer at det er stor semje om at eit Jon Fosse-senter skal liggja i Strandebarm. Det er også relativt stor semje om at Tangerås i Strandebarm er eit aktuelt område for lokalisering av eit Jon Fosse-senter.

Det er mykje som talar for å nytta det gamle skuleområdet på Tangerås til eit Fosse-senter:

- Mykje tilgjengeleg areal
- At det er ulike eigedomar tilgjengeleg, gjer det mogleg med ulike løysingar og delvis utbygging
- Deler av området er regulert til føremålet
- Etablert infrastruktur for vatn, avlaup, veg og parkering i området
- Stryking av sentrumsfunksjonen på Tangerås i Strandebarm
- Mogleg gjenbruk av eksisterande bygningsmasse på Tangerås
- Privat tilbod om vederlagsfri overdraging av eigedomar til Fosse-stiftinga
- Ei to-delning mellom hovudsenter og Fosse-huset/Myra kan gje mindre belastning på sistnemnde, og hindra overbelastning og oppretthalda det autentiske i området
- Alternativet er støtta av sentrale aktørar som
 - o Fosse-familien
 - o Fosse-stiftinga
 - o Vestland fylkeskommune

Ein av dei største føremonene med Tangerås-området, mykje tilgjengeleg areal og etablert bygningsmasse, har også potensiale til å verta ein av dei største utfordringane. Det er kostbart å utbetra og forvalta, drifta og vedlikehalda så stor eigedomsmasse. Det vil krevja mykje fokus og ressursar i senteret berre til tekniske føremål. Dersom ikkje besøkstal og driftsinntekter til eit Fosse-senter vert tilstrekkelege høge, er det ein fare for at eigedomsmassen tek fokus i drifta, og at det vert lite kapasitet att til innhald og arrangement. Eller at eigedomen forfell.

Rådmannen er ikkje kjent med tilstanden til eigedomane etter at kommunen selde og flytte frå området. Eigedomane har vore realt lite nytta i tida etter dette, og det er truleg ein avgrensa marknad for bygga. Det som sagt likevel svært mykje som talar for å etablere eit Fosse-senter på Tangerås, og rådmannen meiner også at det ikkje bør brukast ressursar på å utgreia andre alternativ no. Rådmannen ser likevel nokre risikoelement og spørsmål for området som bør avklarast før bruk og kjøp av området vert endeleg vedteke:

- Kvifor dei to bustadfelt (gnr. 120, bnr 96 og 97) er med? Utgangspunktet til rådmannen er at dette ikkje er eigedom som bør inngå i prosjektet. Det er eit generøst tilbod at Fosse-stiftinga kan motta store eigedomar vederlagsfritt, men det bør avklarast om det føl driftsutgifter og forpliktingar med eigedomane. Ut frå eit samfunnsperspektiv og med arealplanen til kommunen, meiner rådmannen i utgangspunktet at dette området bør utviklast av ein annan aktør i tråd med føremålet i arealplanen.
- Kvifor fylkeskommune ikkje har teke med gnr. 121, bnr. 52 i vedtaket? Dersom det er aktuelt å byggja heilt nytt bygg, ha større uteanlegg eller parkeringsanlegg, er truleg dette den mest aktuelle tomte. Rådmannen meiner at også denne eigedomen må med i dei vidare vurderingane.
- Kartlegging av byggkvalitet og grunn. Om det er aktuelt å riva heile eller deler av eksisterande bygningsmasse på eit tidspunkt, kan rivingskostnadar verta svært dyre. Til dømes asbest og i kva grad andre element i bygga må handterast som spesialavfall. Likeins om det vert behov for å byggja noko nytt, og grunnforholda ikkje tillet det. Rådmannen er kjent med at fylkeskommunen bl.a. har utstyr til scanning av bygg, og både fylkeskommunen og kommunen har erfaring med og kompetanse på kartlegging og ombygging av denne type bygg.
- Avklara med eigarar om det er eit alternativ med ei delvis, eller gradvis overtaking med eventuell opsjon på vidare kjøp av eigedom, som ein måte å få til ei oppbygging på, utan for stor risiko.

Det er positivt at Sverre Sørnes er i ferd med å rydde opp i dei ulike rollene han har hatt i saka vedr. Tangerås-området. For å sikra at det ikkje kan såast tvil om habilitet og ryddigheit, meiner rådmannen at det i det vidare arbeidet må vera fylkeskommunen og kommunen, saman med ev. statleg representant, som gjer kartleggingar og undersøkingar av dei aktuelle eigedomane på Tangerås, og står for ev. forhandlingar med eigarar. Det vil vera svært uheldig for omdømet til eit slik senter både lokalt, regionalt og nasjonalt, om inhabilitet vert tema for ettertida.

Om det mot formodning skulle visa seg at Tangerås-området ikkje er eigna til Fosse-senter, er noko tid tapa i prosessen i høve å utgreia andre alternativ. Slik situasjonen er, tilrår rådmannen at berre Tangerås-alternativet vert utgreidd no. Tilråding frå rådmannen er også ut frå eit kommuneplanperspektiv, der det er uheldig at eit så stort sentrumsområde, som har avgrensa potensiale for alternativ bruk, ikkje vert meir nytta enn det er i dag.

Fosse-stiftinga har lagt ned stor innsats og mykje godt arbeid over mange år med å utvikla fasilitetar og arrangement i Strandebarm i tråd med føremålet sitt om å formidla kultur i Strandebarm og nærliggjande område ved å fremja interessa for scenekunst og litteratur generelt, og særleg Jon Fosse sin forfattarskap. Det er forståeleg at dei ynskjer å vera førande i arbeidet vidare med å oppfylle siste del av føremålet sitt, å etablere eit kulturhus i Strandebarm med same føremål. Her er bygd opp både kompetanse og ressursar i organisasjonen til å oppfylle måla dei har sett føre seg. Det er likevel tilbakemeldingar på at organisasjonen er for liten til å handtera den auka merksemda tilboda deira alt har fått i etterkant av litteraturprisen. Eit bygge-/ombyggingsprosjekt i det formatet som er skissert, krev særskild kompetanse. Føresetnadane i forprosjektet er også at dette skal vera eit senter finansiert av statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I følgje ordførar som har delteke forprosjektet, har kulturministeren meldt tilbake at det er forventa at kommunen bidreg med inntil ein tredjedel på investering og drift, der stat og fylkeskommune er dei to

andre store bidragsytarane. Frå stiftinga er det meldt at det også er andre aktørar/sponsorar som er aktuelle som bidragsytarar. Erfaringa frå tidlegare prosjekt kommunen har vore involvert i, er at dette gjerne dreier seg om midlar til investeringar, og sjeldan til ordinær drift. Til denne saka, har rådmannen heller ikkje fått undersøkt kva det vil ha å seia at eigedom og potensielt bruk av bygg, er i eige av Fosse-stiftinga, for finansieringsløyisingar i regi av offentlege organ. Dette må avklarast i vidare prosjektarbeid.

Rådmannen forstår at Fosse-stiftinga og andre partar ikkje ynskjer ein krevjande lokaliseringsdebatt. Rådmannen meiner likevel at det er uheldig å ikkje leggja ut forprosjektet på open høyring. Forprosjektet har vore i kontakt med ei lang rekkje aktørar. Med respekt for desse og at dei bør få høve til å uttala seg om det som har kome fram i forprosjektet så langt, bør rapporten ut på høyring. Mykje av debatten så langt har handla om lokalisering, men her er også mange andre forhold i det vidare arbeidet som går på innhald i senter, organisering av drift og samarbeid med andre. Rådmannen har forståing for at Fosse-stiftinga har kome lengre i prosessen, og ynskjer fortgang i det vidare arbeidet med realisering av eit Fosse-senter. Eit senter treng mange ulike samarbeidspartar og god forankring for å lukkast. Rådmannen meiner at om eit Fosse-senter skal få god forankring på ulike forvaltningsnivå, krevst det at partane i eit Fosse-senter er opne for innspel, samarbeid og medverknad med andre, og at ein høyringsrunde bør gjennomførast som ein del av denne prosessen. Høyringsrunden bør vera i regi av Vestland fylkeskommune, og startast snarast, og vera gjennomført i løpet av vårhalvåret. Me er ikkje i mål med alle avklaringane som trengst før me går i gang med realisering av eit Fosse-senter, og det er viktig at flest mogleg aspekt kjem fram så tidleg som mogleg, også for å ikkje måtte starta heilt på ny om det likevel skulle visa seg at Tangerås-området ikkje er eigna.

Kvam herad er i ein sær sars utfordrande økonomisk situasjon, der årleg driftsnivå skal redusert med 100-150 mill.kr. Kommunen har difor avgrensa med midlar til både investering, men ikkje minst drift av eit Fosse-senter. Om kommunen skal bidra til investering og drift med opptil 1/3, må det gjerast ytterlegare omprioriteringar, og risiko både i investeringa og for drifta avklarast i vesentleg meir enn det som ligg i forprosjektet. Eit Fosse-senter vil mest sannsynleg ha positive ringverknader i kommunen, også økonomisk som skatteinntekter frå nye arbeidsplassar og sal av varer og tenester i tilknyting til senteret, men dette kan ikkje takast høgd for i kommunebudsjettet. Kva besøkspotensiale det ligg i eit Jon Fosse-senter, er vanskeleg å seia. I forprosjektet er eit sitat frå Johan Storm Munch sitt i lesarinnlegg i HF henta fram «det er vanskelig å fatte dimensjonen og størrelsen på Jon Fosses forfatterskap.». Per no er det også vanskeleg å fatta kva dimensjon og storleik som er rett i høve besøkstal og finansiering av investering og drift. Det er henta inn ei rekkje besøkstal frå andre institusjonar i landet, som viser eit stort sprik. Eit av dei best besøkte er Hardanger Fartøyvernssenter, som har bygd opp tilbodet sitt over fleire år, og snart skal opna ei ny storsatsing. Sjølv om Fosse-stiftinga alt har klar framlegg til mykje innhald og bruk av bygningsmassen på Tangerås, talar mykje for ei gradvis utbygging, og ei avgrensa finansiering i startfasen. Rådmannen tilrår difor at Fosse-stiftinga vert oppmoda om å starta arbeidet med å laga framlegg til prioritert lista på ynskt innhald i eit Fosse-senter, slik at partane har eit utgangspunkt å diskutera når lokaliseringsområdet er avklara.

Prosjektleiars skriv: «Det at Fosse sitt litterære arbeid på alle vis er stort, og framfor alt av så suveren kvalitet, gjer det naturleg å leggja den faglege lista høgt for eit Jon Fosse-senter. Og ein skal etablera noko som har eit langt tidsperspektiv.». Me er svært stolte av forfattaren og Nobel-prisen, og takksame for at våre samarbeidspartar ser verdien av å leggja eit Fosse-

senter til heimbygda Strandebarm. At mange er engasjerte og har meiningar rundt eit Fosse-senter, må sjåast på som ein ressurs som er god å ha med inn i det vidare arbeidet med realisering av eit Fosse-senter. All prosjekterfaring tilseier at det er viktig å bruka tilstrekkeleg tid tidleg i planleggingsfasen. Rådmannen ser at framlegg om tre år til eit hovudprosjekt er for lenge, men at det er viktig å få kartleggja og avklara viktige element før samarbeidspartane går vidare med overtaking av eigedomane og realisering av Fosse-senter på Tangerås.